



Tilbod om stellfri urnegrav

Blomsterdekorasjonene er brukt med tillatelse frå Mester Grønn. www.mestergroenn.no

Gjeld frå 1.1.2016

Stellfri urnegrav - eit rimeleg og trygt tilbod



Med stellfri urnegrav meiner vi grav som pårørende og dei etterlatne slepp å stella. Kyrkjegardsforvaltinga tek på seg ansvar for at gravstaden er fin i 20 år. Det er difor ikkje naudsynt eller høve for andre å stelle grava.

Det er to typar stellfrie urnegravar.

Stellfri urnegrav på namna minnelund

Dette er ein fint opparbeida minnelund med felles namnstein. Urna vert sett ned på ein avgrensa stad i urnefeltet, men namnet, fødselsår og dødsår vert ført opp på ein felles stein som ligg i bakken. Det er høve til å leggja ein avskoren blom ved namnsteinen, men sjølve urnegrava vil ikkje vera synleg avmerka.

Kyrkjeverje sørgjer for at namnet vert påført namnsteinen. Dette er inkludert i prisen. Pris i parantes gjeld utanbygds.

Prisen for denne grava er kr 10.000 (14.000) og gjeld i 20 år.

Stellfri urnegrav med eigen namneplate

Dette er eit sektorforma urnefelt omkransa rundt ein stor stein. Eigen namneplate i bronse vert festa direkte på steinen midt i urnefeltet. På namneplata er det oppført namn, fødselsår og dødsår. Det er plass til berre åtte urnegraver her. Ei grav kan ha to



urner og kvar urne har si eige namneplate. Rundt steinen er det planta blomar høveleg for årstida. Kyrkjeverje sørgjer for at namnet vert påført namneplata. Alle namneplatene er av same utforming.

Prisen for denne grava er kr 16.000 (20.000) per namneplate og gjeld i 20 år frå siste gravlegging.

Kvifor nye urnegravtilbod?

Det kan vera fleire grunnar til val av stellfri urnegrav:

- Einslege som er utan ektefelle, born eller annan nær slektning.
- Einslege der den næraste slekta bur langt borte.
- Der folk av ulike årsaker ikkje ønskjer å vera til bry eller påføra familien ekstra kostnad.
- Det er kostnadssparande ved at ein slepp å kjøpa gravstein og blomar.
- For dei som ikkje har ei grav å gå til, kan dei få namnet oppført på minneplata.

Stellfrie graver er ei kvalitetssikring av at grava alltid framstår som velstelt og fin. Dette er òg eit rimelegare gravalternativ enn vanleg grav.

Tilbod om stellfri urnegrav gjeld inntil vidare berre på Bremnes kyrkjegard.

Kyrkjeverja i Bømlo

